



Klubbhandbok Stranda Fotball



Stranda 20.8.2014

Revidert siste gong: 10.10.2024



Innholdfortegnelse:

1.0	Innleiing	s. 4
2.0	Organisasjonsdata	s. 5
3.0	Klubben sin visjon & målsetjingar	s. 6
4.0	Klubben sitt verdigrunnlag	s. 7
5.0	Klubben si organisering	s. 7
5.1	Daglig leiar	s. 8
5.2	Organisasjonskart	s. 8
6.0	Laget si organisering	s. 9
7.0	Foreldrerolla	s. 11
7.1	Korleis vise interesse	s. 11
7.2	Kvifor ver frivillig i klubben	s. 12
7.3	Foreldrevettreglane	s. 13
8.0	Krav som blir stilt til representantar i Stranda Fotballen	s. 14
9.0	Kiosk	s. 15
10.0	Cupar & turneringar	s. 16
11.0	Dugnad	s. 18
11.1	Dugnadskvardagen i klubben	s. 18
11.2	Den økonomiske dugnaden	s. 20
11.3	Krav til dugnadsinnsats	s. 20
12.0	Kontingent, treningsavgifter & utmelding	s. 21
13.0	Klubben sine arrangement	s. 23
14.0	Treningstider	s. 23
15.0	Heimekampen	s. 24
15.1	Kampavvikling	s. 24
16.0	Forsikring	s. 25
16.1	Ved skade	s. 26
16.2	Idrettens skadetelefon	s. 26
17.0	Politiattestar	s. 26
18.0	Utstyr & materiell	s. 27
19.0	Stranda Idrottslags klubbkolleksjon	s. 27
20.0	Reise	s. 28
20.1	Reglar for kjøring i regi av Stranda Fotball	s. 28
20.2	Representasjon – dekking utgifter	s. 29
21.0	Nettsida i Stranda Fotball	s. 29



STRANDA FOTBALL





1.0 Innleiing:

Stranda Fotball si klubbhandbok er meint som eit hjelpemiddel for klubben sine medlemar. Her skal det vere nyttig informasjon om korleis klubben fungerer og kva klubben forventar av sine medlemar.

Det vil verte styret si oppgåve å halde informasjonen relevant og oppdatert. Det vi sei at klubbhåndboka skal verte revidert ein gong i året. Det er alle medlemane si plikt å komme med innspel og tips om korleis ein kan forbetre og utvikle dette dokumentet vidare. Vidare er det viktig å avgrense omfanget i boka, slik at den ikkje blir eit gedigent dokument med alt for mykje informasjon. For eksempel vil klubben si organisering og rollebeskriving i organisasjonen verte å finne i organisasjonsplanen og det meste som går på sport konkret verte å finne i sportsplanen.

Meininga med dokumentet er som sagt å gjere det lettare å vere tillitsvalt og forelder i klubben, og for dei som er meir enn middels interessert i klubben si drift anbefalast vidare lesing av andre av klubben sine dokument.

Så håper vi at dette dokumentet er med å gjere kvardagen for våre trenarar, oppmenn, foreldre og andre frivillige enklare.





2.0 Organisasjonsdata:

Stranda Fotball	
Klubbnavn:	Stranda IL Fotballgruppa
Stiftet:	15.08.1914
Postadresse:	Mona Stadion. Movegen 53. 6200 Stranda
E-post:	post@strandafotball.no
Heimeside:	www.strandafotball.no
Organisasjonsnummer:	970060979
Fakturaadresse:	970060979@fakturapost.no



Bankforbindelse:	Sparebanken Møre
Kontonummar:	3910.24.85681
Vipps - kiosk:	925177
Vipps - arrangement:	103906
Medlem av:	Norges Idrettsforbund og Oly mpiske og Paraolympiske komitè
Tilknytta:	Norges Fotballforbund og Sunnmøre Fotballkrets

3.0 Klubben sin visjon & målsetjingar

Stranda Fotball sin visjon er tufta på vårt ynskje om å være ein breiddeklubb som skaper trygge og gode rammer i vårt lokalsamfunn. Vår suksess blir ikkje målt gjennom kampresultat men gjennom kor mange som deltek. Vi veit at hovud mandatet vi har fått frå vårt lokal miljø er at vi skal skape gode oppvekst vilkår, der vi gjennom fotballen sitt vakre spel er med på å skape trygge, gode, kjekke og sunne medmenneske.

”Stranda Fotball skal vere eit fellesskap for individuell og kollektiv utvikling i eit trygt og godt miljø.”

Visjonen skal reviderast til Årsmøtet 26.11.24

For å oppfylle vår visjon har vi sett oss nokre målsetjingar. Å måle suksessen i forhold til denne visjonen er vanskeleg men vi prøvar å definere det gjennom desse målsetjingane.:

- 1. Vi ønskjer at 75% av alle barn under 13 år skal spele fotball. Både jenter og gutar.***
- 2. Vi ønskjer at alle barn og unge skal ha vore på ei trening med Stranda Fotball.***
- 3. Vi ønskjer at den som ikkje er aktiv søker seg til andre roller i fotballfamilien.***
- 4. Vi ønskjer kontinuitet på trenar og leiarsida.***
- 5. Vi ønskjer at spelarar frå naboklubbane våre ser på oss som den naturlege klubben å gå til, når dei sjølv manglar tilbod i moderklubben sin.***
- 6. Stille lag i alle SFK sine klasser.***



4.0 Klubbens verdigrunnlag:

KUNNSKAP -Stranda Fotball skal vere ein kunnskapsbasert klubb. - Barn & unge kan forvente å lære i SF - Våre trenarar og leiarar skal søkje kunnskap gjennom kurs og samlingar i regi av SFK.	LOJALITET -Som medlem i Stranda Fotball er ein lojal overfor dei verdiar og visjonar klubben har definert. -Som medlem i Stranda Fotball er ein god og lojal kollega, som søker samarbeid og utvikling i lag med resten av fotballfamilien.
ANSVAR -Vi har som medlem i SF eit ansvar for å representere klubben på ein god måte. - SF er ein dugnadsklubb, vi har alle eit ansvar for å utvikle klubben. - Vi har alle eit ansvar for å gjer klubben til ein stad for trivsel og utvikling. Her snakkar vi med, ikkje om.	RESPEKT - Det handlar om respekt for mennesket. -I Stranda Fotball respekterer man slutningane som er tatt. - Fair play er viktig både på og utanfor bana.

Er du KLAR for Stranda Fotball?

5.0 Klubben si organisering:

Stranda Fotball er ei undergruppe i fleiridrettslaget Stranda Idrottslag (SIL) SIL sitt øvste organ er årsmøtet, som blir arrangert i november/desember kvart år. Vidare er SIL organisert med eit hovudstyre, der representantar for alle undergruppene er representert. I tillegg har dei eit arbeidsutval, dette er SIL sitt styre.



Stranda Fotball er organisert tilsvarende, med Stranda Fotball sitt årsmøtet som øverste organ. Vidare har ein eit styre med alt frå 4 til 8 styremedlemar med forskjellige ansvarsområde. Talet varierar fordi ein har frå år til år utval som kjem og går. Eit eksempel på dette er ungdomsutvalet som når dei er aktiv har leiaren i styret.

5.1 Daglig leiar:

Stranda IL Fotball ansatte dagleg til 2023 sesongen. Dette har vore etterlengta i mange år sidan klubben vekser i omfang. Klubben har ansvaret for aktivitet på Stranda Stadion både på dagtid og kveldstid.


Daglig leiar sin stillingsinstruks er basert på 50% sport og 50% organisasjon.

Daglig leiar har kontor på SIL klubbhuset. Arbeidstida er basert på fleksibilitet då det er oppgaver både morgon og kveld og i helg på ein ganske så uforutsigbar måte.

Basert på kvalitetsklubb strukturen så jobber vi etter overordna temabokser:

Organisasjon – Kompetanse – Aktivitet – Samfunn og verdier

5.2 Organisasjonskart





6.0 Lagets organisering:

I dugnadsklubben Stranda Fotball er det heilt nødvendig at foreldre på dei respektive laga tek ansvar. Alle roller i og rund laget er i hovudsak besett av foreldre. Klubbens sportslege utval har som ansvar å følge opp laga ved behov.

Eit lag har behov for fleire støttefunksjonar i tillegg til det sportslege. Ansvarsbeskrivinga for den enkelte rolle er avhengig av kor mange roller oppgåvene fordelast på. Oppgåvene kan fordelast på fleire personar, men det bør minimum være følgjande roller rundt eit lag:

a. Hovudtrenar:

Har hovudansvaret for laget. Og er den som har kontakten mellom laget og klubben når det gjeld det sportslege opplegget. Er også ansvarleg for at laget held seg til vår visjon som ein breiddeklubb.

- Har ansvaret for det sportslege tilbodet
- Treningsopplegg
- Treningar
- Prioritering tropp
- Kampleiing
- Deltar på klubbens trenarforum
- Spelarsamtalar - møter
- Oppfølging av kvar enkelt spelar – Sjå alle
- Ta trenarkurs
- Kontakt med sportslig utval/trenaransvarlig/DL

b. Hjelpetrenar:

Ein har eit ønskje om at ein er minimum to trenarar pr. lag. Dette for å avlaste hovudtrenaren og også for å skape moglegheit for å ha meir enn eit lag i serien pr. årskull. Vi er også heilt overtydde på at det er viktig å skape eit utviklande kollegiet blant trenarane der ein kan utvikle seg ilag og ha ein god og utviklande diskusjon. Kan i lag med hovudtrenaren dele oppgåvene seg i mellom.



c. Lagleiar:

Lagleiarrolla er den administrative rolla rundt laget. Lagleiaren er den som legg forhalda til rette for trenaren og også den som klubben nyttar til å kommunisere ikkje sportslege beskjedar og opplegg til laget. Dette er ei enormt viktig rolle i forhold til å lykkast med kullet.

- Ta seg av alle administrative oppgåver med laget, og eventuelt fordele oppgåver blant foreldra.
- Sørge for at alle spelarar er registrert i Hoopit og at informasjonen er rett.
- Melde frå om spelarovergangar
- Sette opp aktivitetsplan før sesongstart, og gjennomgå denne med spelerane og føresette
- Ansvarlig for at tildelt materiell blir behandla på ein forsvarlig måte.
- Sørge for utstyr og drakter i samband med heime- og bortekampar.
- Sikre at dommare er klar til kamp.
- Motstandar laget skal kontaktast og ønskjast velkommen til Stranda i god tid før kampavvikling.
- Ansvarlig for påmelding av lag til turneringar.
- Ved reising til turneringar har lagleiaren ansvaret for reiseopplegget og opphald. Er også ansvarleg for å informere ut til foreldre om opplegget.
- Møteplikt på lagleiar forum
- Ansvar for utdeling og innsamling av lodd og pengar.

d. Foreldrekontakt: → Kampvert – heimekampen – «Team sosial»

Foreldrekontakta har som si hovudoppgåve å bistå trenar og lagleiar med ikkje-faglige oppgåver av sosial karakter innad i laget. Og vere med på å involvere foreldre og føresette i og skape gode sosiale rammer for alle som er med på laget.

- Fordele dagnadsoppgåver blant foreldra i laget:
 - Organisering av kampfrukt, kakebaking, pizza osv.
 - Kiosk vakter på eigne kampar og kampvert



- Formidle klager, ris og ros til trenarane, lagleiar eller andre i og rundt laget.
- Bistå trenar og lagleiar ved planlegging av cup arrangement laget skal på.
- Hjelp lagleder med å organisere og gjennomføre sesongavslutninga.
- Det er ynskjeleg at ein organiserar kamppreferat og sender inn til www.strandafotball.no

I tillegg kan det vere aktuelt å sende inn eit innlegg til NYSS ved spesielle arrangement.

7.0 Foreldrerolla:

Stranda Fotball prøvar å leggje til rette for dine barn og unge. I tillegg til å tilby dei fysisk fostring og aktivitet er der mange andre gode grunnar til at ein skal drive med fotball. Ein veit at det å skape ein felles minnebank over gode minner, ja sjølv dei kjedelege opplevingane, viser seg å vere verdifull i forhold til å utvikle vennskap og samhald. Det å ha faste tider for trening og kamp, gjer at ein lærer seg å planlegge. Og prioritere. Det å vere del av eit lag gjer at mange er betre sosialt tilpassa. Det å meistre fotballspelet gjer mange trygge på seg sjølv. Argumenta er mange for at det å tilhøyre eit idrettsmiljø er viktig for barn og unge, og at læring i slike miljø er mykje meir kompleks enn berre kor god ein er med ein ball.

Men for dei fleste barn og unge er det viktig at foreldra "backer" dei opp, viser interesse og hjelper dei å for eksempel komme seg på trening og kamp. Forfallet i fotballen startar på sidelinja.

Det er difor viktig for oss å kommunisere at foreldra er den største motivasjonskrafta og påverknadsaktøren for barna. Så håper vi at ein som forelder er bevist sitt ansvar for å leggje til rette for barna si utvikling i fotballen.

7.1 Korleis vise interesse:

Det å vere tilstede og følgje opp barnet kvar dag er noko som kan vere vanskeleg for alle. Men det er viktig å vise interesse for kva dei styrar med i fritida. Mange forelder opplever kanskje det slik at ein ikkje heilt veit kva ein skal spørje om når poden eller datara kjem igjen frå kamp. Ofte kjem ein med eit av to spørsmål:

1. Korleis gjekk det på kampen, vant dokke ?
2. Scora du mål ?



Vi har opplevd at spelarar har slutta p.g.a. desse spørsmåla. Slik vi driv breiddeklubben vår er desse to underordna mål. Vi syns for eksempel at det er viktigare at alle får spele, kontra at ein vinn. Vi vil heller tape 5-3 enn å vinne 1-0 i barnefotballen. Gjennom å fokusere på resultatet og ikkje opplevinga påverkar ein barna i at det å vinne kampen er det viktige. Og ikkje utviklinga og opplevinga.

Dette med scora du, så er det vanskeleg. Viss barnet ditt er forsvarsspelar den kampen er det lite sannsynleg at det scora. Ein kunne ha spelt ein god kamp for det og hatt det moro. Ein kunne til og med tapt., men gjort ein god prestasjon.

Å kun ha fokus rundt dette gjer at dei fort kan gå lei, og føler at det er eit mas rundt desse tinga. Tenk deg om du kom heim frå jobb, og det spørsmålet du vart møtt med var kor mykje pengar tente du i dag?

Vi har nokre eksempel på spørsmål ein kan stille i staden for og som vi meiner er mykje meir eigna for å vise interessa for korleis ein har hatt det på trening eller kamp.

1. Var det kjekt i dag ?
2. Var det noko artig som skjedde på turen ?
3. Spela dokke bra ?
4. Fekk du til det du hadde trena på ?

7.2 Kvifor vere frivillig i klubben:

Det å skape gode opplevingar for barn og unge er hovudoppgåva vår. For å maksimere desse opplevingane treng vi til ei kvar tid hjelp av mange frivillige. Hovudressursen til Stranda Fotball både rundt laga, rundt kamparrangementa og i organisasjonen vår er foreldra. Veldig mange stiller opp og gjer ein fantastisk jobb for å leggje forholda til rette. Men vi både håper og ynskjer fleire med for utviklinga av klubben og hjelpe oss å gjere lokal samfunnet vårt tryggare, kjekkare, sunnare og betre.



7.3 Foreldrevettregler:

1. Støtt opp om klubbens arbeid – gjennom foreldremøte forankrast fotballen og klubben sitt verdisyn.
2. Møt fram til kamper og treningar – du er viktig for spelarane og miljøet.
3. Gi oppmuntring til alle spelarane i med- og motgang – dette gir trygghet, trivsel og motivasjon for å bli i fotballfamilien lenge.
4. Vi har alle ansvar for kampmiljøet – gi ros til begge lag for gode prestasjoner og Fair Play.
5. Respekter trenarane si kampleiing – konstruktiv dialog om gjennomføring skal takast med trenar og klubb i etterkant.
6. Respekter dommeren si avgjersle – sjølv om du av og til er uenig!
7. Det er ditt barn som spelar fotball. Opptre positivt og støttande – då er du ein god medspelar!





8.0 Krav som blir stilt til representantar i Stranda Fotball:

Vi er ein stor fotballfamilie med stolte og lange tradisjonar. Det er noko alle som representerar Stranda Fotball skal vere klar over og vere stolte over. Som i alle relasjonar blir det stilt krav til alle og ein kvar. Det er viktig for oss alle at ein er klar over det ansvaret ein har når ein reiser rundt som representant for Stranda samfunnet.

Vi har delt det inn i nokre av dei forventningane ein bør og kan ha av dei forskjellige i klubben. I sportsplanen vår blir dette tema breiare omtalt.

Klubben skal:

- Sørge for utdanning
- Støtte lagleiarane og trenarane i arbeidet
- Skape innsikt og samarbeid mellom lagleiarar og trenarar
- Arrangere minimum eit medlemsmøte i året.
- Sørge for treningsforhold
- Sørge for utstyr som drakter, ballar, kjepler, medisinsk utstyr m.m.
- Sørge for lokale til møter og sosiale samlingar

Leiarane skal:

- Ikkje sette eigne mål framfor klubben sine
- Vere lojal mot klubben sine visjonar og mål
- Vere eit forbilde og utvise høvsk opptreden
- Jobbe for alle i klubben
- Skilje mellom person og sak
- Skape trygghet i miljøet



Trenarane skal:

- Ha respekt for utøverane
- Vise respekt for dommar og andre lag sine trenarar og representantar
- Møte presis og godt budd
- Representere klubben på ein positiv måte
- Ikkje sette eigne mål framfor spelargruppa
- Sjå og respektere alle i spelargruppa
- Respektere klubben sin visjon og målsetjingar
- Vere stolt over klubben

Spelaren skal:

- Vise god disiplin og oppførsel
- Avstå frå bruk av rusmidlar når ein representerar klubben
- Vise positive haldningar og respekt for dommar, med - og motspelarar
- Respektere trenaren og lagteamet
- Utvise respekt for foreldre og føresette
- Vere stolt av klubben

9.0 Kiosk:

Ei viktig inntektskjelde og eit viktig verkemiddel i å lage gode arrangement er kiosk tilbodet vi har på stadion. Denne er 100 % dugnadsbasert og vi er avhengig av at klubben sine støttespelarar stillar opp til kiosk dugnad. Alle kan bli kalla inn til dugnad i kiosk. Vi prøver å ha den open så mykje som mogleg, og minimum at kvart årskull skal ha i alle fall to kampar med kiosk og speaker teneste.

Rutinar for kiosk er utarbeida av kioskansvarleg og daglig leiar. Det er viktig å fylgje desse for å sikre at drifta er i samsvar med dei krav som ein har for å jobbe med mat.



I kiosken er der nokre rutinar i forhold til pengehandsaming. Der heng instruksjon for korleis ein skal få satt pengane inn etter endt dag. I tillegg er der rutine i forhold til utfylling av omsetjingsskjema.

Klubben har eige Vipps system som er beskrive i plakatar i kiosken og på kjøkkenet.

Klubben sin kioskansvarleg vil før sesongen holde møte med klubben sine lagleiarar om kiosk og rutinar. Denne informasjonen vil vere ein del av forumet for tillitsvalgte før sesongstart. Er ein i tvil kan ein kontakte lagleiaren for det laget ein sjølv representerar.

10.0 Cup & turneringar:

Klasse:	Antall:	Omfang:	Dekking:
6 – 7 år	1 turnering	Lokalt	1 stk lagsavgift pr.lag i klassa
8 – 9 år	1 turnering	Lokalt – eigen krets	1 stk lagsavgift pr.lag i klassa
10 – 11 år	2 turneringer	Eigen krets	1 stk lagsavgift pr.lag i klassa
12 – 13 – 14 år	2 turneringer	Fylke og nabofylke	1 stk lagsavgift pr.lag i klassa
15 – 19 år	2 turneringer		1 stk lagsavgift pr.lag i klassa

For Stranda Fotball er det viktig at alle årskull deltek på cupar og turneringar. Vi har ei formeining om at dette er noko av det viktigaste vi kan tilby for at barn og unge skal "glede" seg til sesongen.

Målsetjinga er at Stranda Fotball sine lag skal ha ein fornuftig progresjon i deltaking på turneringar. Vi ynskjer at dei ulike klassane skal delta innanfor fornuftige sportslege og økonomiske rammer. Det som er spesielt på Stranda er at mange av dei aktive er også aktive innanfor fleire idrettar og kulturtilbod. Det kan difor verte ei stort økonomisk press på mange forelder. Vi har derfor valt å støtte alle lag med turneringsavgift til 1 stk turnering pr. klasse.



Innan for dei sportslege rammene har vi valt å løyse desse slik:

Klassene 6 – 7 år:

Her kan ein vurdere om ein i det heile skal delta på noko ekstern turnering utanom dei organiserte aktivitetane som trening og kanskje miniturneringar i regi av krinsen. Det viktigaste er å skape ein trygg arena før ein reiser ut på turnering. Hundeidvik Fotballfestival i slutten av mai er eit godt alternativ for dei aller yngste.

Klassene 8 – 9 år:

No er det moglegheit for å delta i turneringar som er arrangert i eigen krins. Det er mange alternative turneringar for desse årsklassene. Poenget er at turneringa kan arrangerast som ein dagstur der heile familien kan delta.

Klassene 10 – 12 år:

Ein kan i denne alderen vurdere turneringar som er i eigen krins, men også dei som ein kan delta på, men som gir dagstur moglegheiter. I denne kategorien har ein mange alternativ. Ein har moglegheita til å delta på to turneringar i året. Klubben dekkjer ei turnering – altså lagspåmeldinga. I tillegg er det moglegheit for å delta på Futsal.

Klassene 13 – 14 år:

No har ein moglegheita til å delta på turneringar som har overnatting og vert arrangert over ein weekend eller langhelg. Gode alternativ er i eige fylke eller nabofylker. Også i denne alderen er det greitt med deltaking på to turneringar i året. For denne årsklassa er også Futsal aktuelt. Klubben dekkjer ei turnering – altså lagspåmeldinga.

Klassene 15 – 19 år:

Landsturneringar eller til utlandet er aktuelt for dei eldste i ungdomsklassa. Norway Cup har vore Stranda sitt hovudmål i mange tiår for desse kulla. Klubben ønskjer at G19 og J19 skal kunne delta på ei større turnering. Det er ei målsetjing for klubben å delta i alle klassene i Futsal KM for dei eldste ungdomsklassene.



11.0 Dugnad:

Stranda Fotball er ein breiddeklubb bygd rundt dugnad. Klubben sine frivillige gjer, nesten utan unntak, alt arbeidet gratis. Det er mange frivillige i klubben som legg ned mange hundre timar for å ivareta ALLE barn og unge. Ei utrekning av den totale dugnadsinnsatsen eller frivilligheitskalkulatoren viste i 2023 heile 10,5 årsverk. Dette er kva det ville ha kosta å lønna dei timane som våre frivillige trenarar, lagleiarar, styre- og utvalsmedlema legg ned i året. Det sei seg sjølv at utan denne formidable gratis innsatsen av frivillige så hadde ikkje Stranda Fotball klart å oppretthalde den gode aktiviteten som ein har i dag.

Stranda Fotball har ein filosofi på at alle kan bidra. At alle har noko dei kan gjere for å betre tilbodet og kvaliteten på arbeidet vi gjer. Ein treng ikkje å ha noko som helst kompetanse innan fotball for å hjelpe klubben.

11.1 Dugnadskvardagen i klubben:

Der er kvardagsdugnaden som held oss i gang. Det blir lagt ned utallige timar kvar dag for å halde hjula i gang. Alt frå føresette som kjører til kamp, trenaren som trenar laget til kiosk og speakerteneste.

Treningskvardagar er det som det er mest av. Å vere på, sjå alle, prestere og gi gode treningar er noko som våre frivillige trenarar prøver å få til kvar dag. Dei aller fleste som trenar lag i klubben gjer sitt beste for at alle barn og unge skal få eit miljø å trivast i, ilag med sine gode venner. Ein kan gi eit bidrag i treningskvardagen utan å ha ei fast rolle.



Som forelder, spesielt for dei yngste, still på trening og vær positiv. Hjelp trenaren å sjå alle. Ver den som alle kan prate med. Ein kan hjelpe trenaren å sette opp kjelegler, samle ballar, skryte av prestasjonar og skape eit miljø for både vaksne og unge. Det å vere tilstade gir dei vaksne ei unik moglegheit til å bli kjent med miljøet og kjennskap til alle kameratane eller venninnene til sine ungar.

Som forelder i klubben er det forventat at kvar familie kjører til minimum to kampar i året. Lagleiaren for kvart enkelt lag er forplikta til å sette opp kjørelister, og lagleiaren skal fordele desse turane til alle foreldra på laget.

Vi har også dei siste åra satsa mykje på å lage gode kamprammer og arrangement for alle våre lag. Klubben har invitert alle årskull til å ynskje seg minimum to kampar i året der vi kjører kiosk, lar laga ha innmarsj, tek namneopprop og med speaker som kommenterar kampen. Dette har betra opplevinga av kamp for ungane og er noko som alle involverte sett pris på. Men vi er avhengig av ein ekstra dugnadsinnsats frå foreldre for å få dette til, da dette fører til ekstra kiosk dugnad.

Så å støtte opp i kvardagen er viktig for fotballfamilien og det er med på skape gode rammevilkår for oppveksten.





11.2 Den økonomiske dugnaden:

For klubben er det ein kontinuerlig utfordring å få inn nok midlar til å drifte klubben best mogleg. Noko kan vi hente inn frå sponsorar og frå treningskontingent. Med store delar av midlane må ein hente inn gjennom, det vi kallar, aktivitetsbaserte inntekter. Det vil sei at vi som klubb er avhengige av inntekter frå våre arrangement.

For å få den kvaliteten som ein ynskjer på desse arrangementa er vi avhengige av at folk stiller opp til dugnad rundt dette. Det kan gå i alt i frå kakebaking, kioskvakter, portvakter, vasking, skogrydding, grilling, sekretariatfunksjon til badevakt. Klubben vil såleis kalle inn medlemmane, føresette og andre resursar for å dekkje desse funksjonane.

Vidare må ein pårekne at klubben vil drive sals dugnad. Eit eller to loddosal i året må ein pårekne for å skape inntekter.

Vi håper at alle stiller seg positive til dette, og at ein som involvert i klubben må pårekne nokre timar i året til dugnad for klubben. Desse er ekstremt viktig og er med på å skape gode økonomiske rammer i klubben.

11.3 Krav til dugnadinnsats:

Klubben har eit håp om å kunne sette eit krav om rundt 10 timar dugnad i året. I dette har vi ikkje rekna med det ein legg ned av tid for å kjøre på kamp. Vi synast ikkje at ein tre til fire dugnadsoppdrag i året er ein urimeleg mengde og sett i forhold til kva timar for eksempel ein trenar legg ned i klubben er dette lite. Å organisere dugnadar er krevjande, og for klubben hadde det vore lettare å berre kravd inn pengane ein treng for å drifte klubben gjennom treningsavgift. Men vi har ein visjon om å vere ein klubb for alle, det vil sei at gjennom eit slikt tiltak ville vi ha operert med ei treningsavgift som ikkje alle hadde hatt råd til. Vi meiner også det at dugnad er eit ekstremt viktig verkemiddel for at ein skal kunne byggje ein klubbkjensle, gjennom at alle bedreg. Ein dugnad er sosialt og miljøskapande, og gjennom for eksempel loddosal får vi profilert klubben ut i lokalsamfunnet. Så vi meiner at dugnad skapar klubbånd.

Krav til føresette:

- Kioskdugnad
- Køyredugnad
- Tiltak: Salgsdugnad og lotteridugnad
- Dugnad ved arrangement: (kiosk,vakt,grilling,rigging ol.)



Stranda Fotball nyttar også spelarane til diverse klubbdugnadar. Desse er alderssegmentert, det vil sei at dess eldre du er, dess meir dognad vil du bli pålagt. Vi har også for spelarane betalte dognadar i form av dommar oppdrag.

Krav til den aktive:

6 – 11 år	12 – 13 år	14 – 15 – 16 år	17 – 19 år	Senior
Loddsal Ballgut/- jente	Loddsal Ballgut/-jente Rigging arrangement	Loddsal Dommar Rigging arrangement Instruktør Kiosk	Loddsal Dommar Rigging arrangement Instruktør Kiosk Sekretariat Funksjoner arrangement Portvakt	Loddsal Dommar Rigging arrangement Instruktør Kiosk Sekretariat Funksjoner arrangement Portvakt

12.0 Kontingent, aktivitetsavgifter & utmelding:

Stranda Fotball er ei undergruppe i Stranda Idrottslag. Alle som er med er pålagt å betale medlemskontingent til Stranda Idrottslag.

Denne er frå 2024; kr.100,- pr. individ.

Det er ekstremt viktig å betale denne medlemskontingenten, sidan den sørgjer for at du er innmeldt i idrettens sitt register og såleis sørgjer for at du er forsikra.

Er du ikkje medlem kan du registrere deg på: www.strandail.no

For meir informasjon om medlemskap: <http://strandail.no/PDF/Medlemskategoriar.pdf>

Vidare må ein for å trene og delta på kamp for Stranda Fotball betale aktivitetsavgift.



Satsane er:

Klasse – alder:	Kommentar:	Pris:
J-G 6 år	Søskenrabatt på barn nr.3	400,-
J-G 7 – 8 – 9 år	Søskenrabatt på barn nr.3	1000,-
J-G 10 – 11 – 12 år	Søskenrabatt på barn nr.3	1400,-
J-G 13 – 14 år	Søskenrabatt på barn nr.3	1600,-
J-G 15 – 16 år		1800,-
J-G 17 – 18 – 19 år		2000,-
Senior kvinner		2200,-
Senior herrer 1		2400,-
Senior herrer 2		1800,-
Pendlar-hybel	Redusert avgift	1000,-

Aktivitetsavgifta er det styret som bestemmer. Denne blir satt av styret hvert år, og vil bli gjort tilgjengeleg i klubbhandboka og på heimesida. Aktivitetsavgifta skal vere betalt innan forfall.

Vi i Stranda Fotball opererer også med to vinduer for utmelding. Sluttar ein midt i desse vil vi fakturere aktivitetsavgifta for ein periode. Vi vil også kalle føresette og spelar inn til dugnad for den perioden. Grunnen til dette er at vi som klubb er nøydte til å planlegge sesongen ut ifrå det talet på spelarar vi har i det augeblikket fristen for påmelding av lag som Sunnmøre Fotballkrets sett er.

Utmelding periode 1 er satt for ungdomsfotballen til 30.6.

Utmelding periode 2 er satt er satt for ungdomsfotballen innan 01.12.



13.0 Klubben sine arrangement:

Stranda Fotball har ein del arrangement iløpet av året. Vi er avhengig av at trenarar, lagleiarar og foreldre generelt stiller opp til dugnad på desse arrangementa for at vi skal kunne gjennomføre dei.

Eksakte tidspunkt for arrangementa vil variere frå år til år.

Arrangement i klubben finn ein i Årshjulet på heimesida.

14.0 Treningstider

Planlegging og tildeling av treningstider er eit klubbansvar.

Dette blir administrert av klubben. Det vert utarbeida ulike periodeplanar av året/sesongen. Hovudplanen er i perioden 1.april til 31.oktober. I tillegg ti denne hovudplanen så vert det ofte eigen sommarplan. Den utfordrandre perioden er 1.januar til 15.mars – vinterperioden. Då vil innandørsareal vere ein stor del av fordelingsnøkkelen.

Vi baserer oss på Strandahallen, Ringstadsalen, Vestborghallen og sjølvsagt vår eigen Stranda Stadion utifrå værforhold.

Ein prøver å tilstrebe at kvart enkelt lag skal få best og mest mogleg tid, men vi har avgrensingar i forhold til treningsareal og den øvrige logistikken.

Før sesongen henvender klubben seg til trenarar og lagleiarar for kvart lag for å høyre kva tider dei ønsker for sitt lag. Det er viktig at desse tilbakemeldingane er gjennomtenkt og i samsvar med dei ynskjer foreldre og spelarar har. Vi som klubb har mange faktorar som spelar inn på tildeling av tider.

Dette kan vere:

- Oppsette tider for andre aktivitetar (musikk, alpint, handball m.m.)
- Hospitering og samarbeid på tvers av årskull
- Kampdagar
- Ynskje frå trenarar
- Talet på treningar
- Tildelt treningstider (innandørs)



Dette gjer at treningstider er ein særdeles vanskeleg kabal, med eit utal av avgrensingar og moglegheiter. Sjølv om ein gjer sitt beste for å løyse dette, klarer vi ikkje å gjere alle 100% nøgde til ei kvar tid dessverre.

15.0 Heimekampen:

Heimekampen er vår definering av alle kamparrangement på Stranda Stadion.

Stranda Fotball ønsker å ha «verdens beste» kamparrangement på alle nivå.

Dette inneberer at vi har faste rutiner på korleis ein kamp skal gjennomførast.

Før kampen – under kampen – etter kampen

Stranda Stadion skal vere ein trygg og sosial arena for alle. Det skal vere plass til dei som ikkje er aktive i idrett – så lenge alle oppfører seg innanfor regelverket.

- Kampvertrolla
- Kiosk
- Speaker
- Differensierte rammer for ulike klasser og nivå
- Tilrettelegging bane/arena
- markedsføring/annonsering

15.1 Kampavvikling:

Stranda Fotball arrangerar ein plass mellom 250 og 350 kampar i året. I tillegg til nokre turneringar. Klubben prøver å til rette legge for at dette skal gå lettast mogleg. Det er lagleiaren sitt ansvar for å sørgje for at alt er klart for kamp.

I Stranda Fotball definerar vi kjernetida frå 1900 til 2030 som kamptid. Det vil sei at vi prøver å legge dei fleste kampene i denne tida.

I Hoopit så har klubben lagt inn alle kampene. Ein har også prøvd å fordele dommaroppgåvene i klubben. Det er viktig at laga sjølv tar ansvar for å kontakte dommar og motstandar før kampen for å sikre at desse er klare. Det er også ønskeleg at ein stiller med kampvert som kan ynskje motstandar laget velkommen. Dette er oppgåver som lagleiaren skal ta seg av. Viss det av ein eller annan grunn er problem med dommar, er det laga sjølv som må kontakte aktuelle kandidatar i frå klubben si dommarliste.



Når det gjeld flytting av kamp, er det laget sjølv som er ansvarleg for dette. For å få ein kamp flytta må ein komme til einighet med motstandarlaget om ny dato. Når dette er ordna må ein melde inn flyttinga til klubben, slik at ein får inn ny dato i Hoopit. Ein må også i prosessen sjekke om ny kampdato er tilgjengeleg i forhold til bane.

Andre grunnar til at klubben må vere orientert er at ein på mange lag i ungdomsfotballen er avhengig av hospitering mellom lag. Vi ser helst at kampar går til oppsett tid.



16.0 Forsikring:

I Noreg er alle barn som driv aktivitet i regi av eit registrert idrettslag forsikra gjennom NIF. I fotball må alle aktive frå det året dei fyller 13 år registrerast i FIKS. Dette er det klubbens FIKS ansvarleg som gjer ut i frå dei lister med spelarar ein får frå lagleiaren. Vidare er ein for å vere forsikra pliktig til å betale medlemskontingenten i Stranda Idrottslag. Dette er viktig, for er ein ikkje medlem så er ein ikkje forsikra.

Sjølv om alle aktive er forsikra gjennom lagets lagsforsikring så har ein som aktiv ein mogligheit for å teikne ei utvida forsikring. Denne er det opp til spelaren som privatperson å dekkje sjølv.

Meir informasjon om forsikring: www.fotballforsikring.no



16.1 Ved skade

Blir ein skada i kamp eller i trening, gå umiddelbart til skademeldingsskjemaet og rapporter inn skaden. Det er viktig at ein gjer dette fortast mulig, slik at ein får dokumentere skaden. Sjølv ved ein mindre skade kan dette vere viktig, for at ein har dokumentert når og kvar ein blei skada. Dette for å stå sterkare viss ein får seinverknad av skaden, eller at komplikasjonar oppstår ved eit seinare høve.

16.2 Idrettens skadetelefon

Er det noko ein lurar på ved skade kan ein ringe Idrettens skadetelefon. Her kan ein få bistand og rådgiving rundt forsikrings- og skadespørsmål.

Telefon nummer: 04420.

Har ein rapportert inn skaden via skjema, blir ein ringt opp av konsulentar.

17.0 Politiattestar

For å vere frivillig i lag og organisasjonar er det no blitt meir og meir vanleg at ein må levere ein forenkla vandelsattest. For Stranda Fotball, som tek mål av seg av å vere ein kvalitetsklubb, er dette eit krav. I Stranda Fotball er det Stranda Idrottslag som har tatt på seg oppgåva med å samle inn og registrere at desse er framvist. Ein får ikkje lov å vere frivillig med verv i klubben utan at ein har framvist denne attesten. Dette er gjort for å sikre våre barn og unge mot at der er menneske i klubben som har andre agendaer enn å utvikle våre barn og unge i trygge og gode miljø.

Får å lese meir om dette gå inn på www.strandafotball.no

For søknad:

Nynorsk: https://www.politi.no/vedlegg/skjema/Vedlegg_2016.pdf

Bokmål: https://www.politi.no/vedlegg/skjema/Vedlegg_2018.pdf

Framvisning av attest avtalast medlem i idrottslaget – Joakim Nykrem



18.0 Utstyr & materiell:

Klubben kjøper inn og held med det utstyret som kvart årskull treng for ein aktiv trenings- og kampkvardag. Før sesongen kartlegger klubben behovet, dette blir gjort ut i frå kor mange aktive vi har i kvart årskull.

Klubben står for følgjande utstyr:

- Ballar (cirka 1 pr spelar)
- Ballnett
- Vestar
- Kjegler eller hattar
- Medisinskrin med bl.a. isposar, tape, plaster m.m.
- Drakter (Fram til ein når seniornivå må ein kjøpe strømpør og shorts sjølv.)

Etter sesongslutt samlar vi inn alt utstyret og kjøpar inn det som må supplerast.

Treng ein påfyll av medisinsk utstyr, så tar ein kontakt med materialforvaltar. Denne vil fylle på ved behov. Det er viktig å gi beskjed i god tid. Ein kan ikkje pårekne at ein har alt på lager og må pårekne minimum 3 dagar til levering.

Blir ballar skada eller utstyr blir mista, så melder ein frå om dette til materialforvaltar. Det er viktig at kvart lag tek vare på utstyret sitt og ryddar godt opp etter trening. Opplevar vi at eit lag mistar/rotar vekk for mykje, kan ein ikkje rekne med at klubben supplerar inn utstyr før neste sesong.

19.0 Stranda Idrottslag fotball sin klubbkolleksjon:

Alle som er medlem av fotballgruppa får moglegheita å kjøpe den nye Umbro klubbkolleksjonen som er utstilt på Intersport Stranda. Klubbgenser, shorts, strømpør, lue og skjerf.

Alle som er medlem av fotballgruppa får moglegheita å kjøpe den nye Umbro klubbkolleksjonen som er utstilt på Intersport Stranda. Klubbgenser, shorts, strømpør, t-shorte og jakke til medlemspriser. Kvart år til seriestart vil det bli holdt klubb dager hos den lokale sportsbutikken, der ein vil få mulighet til å prøve, samt bestille fra kolleksjonen. I tillegg har klubben sjølv supportertekstiler som sjerf og lue som alle kan få kjøpt i stadionkiosken under heile sesongen.



20.0 Reise:

I Stranda Fotball er vi avhengig av at foreldre stiller opp for kjøring til turneringar og kamp. Dette reknast som ein del av dugnaden og kostnadar knytt til transport dekkast av føresette. Når ein reiser rundt med laget så representerar ein Stranda. Det er difor viktig at ein reiser trygt og at ein oppfører seg. Vi gjer oppmerksom på foreldrevettreglane som er beskreve tidlegare i klubbhandboka. Vidare ber vi at ein overheld reglane for transport. Vi forventar også at ein er bevist det ansvaret ein har når ein reiser med barn og unge i forhold til at ein stiller utkvilt til dette. Er der mistanke om promille så vil Stranda Fotball politiannmelde sjåføren.

Husk at ein reiser med det mest dyrebare vi har.

20.1 Reglar for kjøring i regi av Stranda Fotball:

1. Peik ut ein kjøreleder som organiserar turen.
2. Alkohol og trafikk er uforenelig – Husk dagen der på
3. Legg inn stopp under lengre reiser
4. Sørg for at sikkerheitsutstyret i bilen blir nytta
5. Berekn tilstrekkelig tid i forbindelse med reisa
6. Ha eit fast klokkeslett for frammøte og avreise
7. Sørg for at det er nok bilar til tal på passasjerar
8. Stressa kjøring gjer også idrettsutøvaren stressa
9. Husk at lause gjenstandar i bilen er farlig ved bråstopp
10. Ver ein positiv sjåfør som er eit forbilde for barn og unge
11. Fartsgrensa skal overhaldast
12. Berre erfarne sjåførar skal nyttast. Det er ikkje greitt med øvingskøyning til arrangement i regi av Stranda Fotball.



20.2 Representasjon – dekking av utgifter:

Tillitsvalgte som representerer klubben på offisielle møteplassar får dekkareiseutgifter.

Dette kan vere terminlistemøter, kvalitetsklubbmøter osv.

Det er eige skjema for utfylling av køyre/reisekostnader.

Spelarar som er nominert til satellittgrupper i Sunnmøre fotballkrets får dekkare deltakaravgift. Den andre halvdel 50% dekkast av føresatte.

Køyring og ferger til desse samlinger skal delast på den enkelte føresatt.

Ved deltaking på tiltak i Landslagskulen (bylag og kretslag) får spelar dekkare deltakaravgift. Køyrekostnader dekker føresatte.

21.0 Stranda Fotball si nettside

Det er mål om at dykk skal finne det meste ein har bruk for inne på denne nettsida.

Linkar til dokument

Informasjon om klubben og organisasjonen

Historie – arkiv

Nyheitsaker

www.strandafotball.no

LYKKE til med sesongen!

Stranda Fotball heier på DEG!